VÅRHAUGBUEN

BLADET FOR BYGDA VÅR • NR. 3 2026



TALL SHIPS RACES
SIDE 16 - 19

FOTBALLDRAKTER
SIDE 8 - 9

VBU LANDSSTEMNE
SIDE 5

FOTBALLFEST I RÅDSHUSGATA

SIDE 4

Universitetet på Varhaug



Sjur Håland

Kva er det som har skjedd, tenkjer eg, og saknar Toy-tyggegummi, lukta av feilgjæra silo og gråblå sigarettrøyk.

Eg er ein landkrabbe frå Varhaug som har rodd i smult farvatn gjennom nok ein sommar. No har eg vore med så lenge at eg sit her og tenkjer at alt var betre før. Den vesle, litt søvnige stasjonsbygda kor alle kjende alle har endra seg dei siste 60 åra, og er ikkje til å kjenna att.

Det skulle elles berre mangla. Om tida hadde stått stille, og eg enda var fem år. Ja då hadde Olav på Nygård framleis sykla til Varhaug meieri med mjølkespanna. Dei vaksne hadde kjent meg som barnebarnet til Magnus Hobberstad. Det hadde framleis gått beitedyr i Dubland, og det ville vore møbelproduksjon i Tjemsland Møbelfabrikk (NLM-Gjenbruken).

Då ville det vore grunn til bekymring.

Alt var ikkje betre før

For stillstand er ikkje plent framgang. Alt var ikkje betre før, og velstandsauken er av det gode. Nå er me i gang med ein ny haust. Folk frå Varhaug har gjort seg ferdig med den sommarsøte roinga for i år. Det er normale tilstandar i Stasjoen Pub og i parken. Skular og barnehagar er i full sving att. Driftige bygdafolk står grytidleg opp. Gnir svevnen og augo, kler seg i arbeidshabitten, triv med seg kvit arbeidshjelm og svinelêrshanskar og er i gang med arbeid og strev for det daglege brødet - og kanskje eit wienerbrød i tillegg, innan klokka har passert seks om morgonen.

Eg burde ha skrive om desse heltane i staden for å sitje her ved tastaturet og synsa. Om ho og han som held hjula i gang her i bygda. Om næringslivet. Folk som satsar skjorta og litt til for å skapa framtidsmoglegheiter for seg og sine. Eg burde omtalt handelen, idretten, foreiningslivet, dugnaden, fritidsklubbane, Fres og alt dette andre. Alt det som godt er. Alle frå Varhaug som smilar og seier hei. Ho som tek seg bryet med å bøya seg ned og plukkar opp eit ispapir som andre har kasta frå seg på asfalten utfor Coop Extra.

Under opplæring

Slekt skal følgja slekters gang. Du har vore kalv sjølv, seier eg strengt til meg sjølv om eg høyrer ungdommar som gapar vel høgt i Stasjonen med ei stemmeprakt som avslørar at dei nyleg har gjennomgått eit brutalt stemmeskifte.

Dei unge er under opplæring.

Det var eg òg i si tid. Det føregjekk på UT, altså Universitetet Tveiten, eller Jæren Auto, som verksemda offisielt heitte.

Sentex og Elnett

For eg meiner det også er viktig å ta med alt det me lærte som me eigentleg ikkje skulle læra. Det som var minst like viktig som å pugge minneord på søndagsskulen og gongetabellane og salmeversa på skulen.

Mykje av den viktige kunnskapen saug eg til meg i miljøet rundt denne gilde bensinstasjonen her på Varhaug. Av ein eller annan grunn får eg assosiasjonar til forsommar med gul løvetann når eg tenkjer på den eksklusive butikken, verkstaden og pølsebua til Ester og Agnar Tvedt.

Eg kjenner den vedunderlege aromaen av Asbjørnsens Eventyrblanding og parfyme frå jenter med Elnett spray i håret, Sentex under armane, korte skjørt, semska støvlettar med lange skaft og noko så verdsleg som raud neglelakk på fingerneglene.

Eg kjenner lukt av eksos frå Sachs-totaktsmotorar og åttesylindra amerikanaske bilar utstyrt med crompynta halevengjer, knappegir og raude skinnsete. Og eg kjenner smaken av tynne firkløver-sjokoladeplater, juicyfruit-tyggis og ei pølsa med brød og løk og ketsjup og sennep i ein kvit kremmarhuspose.



Photo by Aleks Dorohovich on Unsplash

SpareBank 1 SØR-NORGE



SI BYGG
NORRØN GRUPPEN

Hjå Tveiten var det råd å plukka med seg litt av kvart for ein halvredd tiåring som kom inn i kiosken med ein handskriven lapp.

Lappen frå far

Lappen, som eg kom til Tveiten med, var gjerne ein avriven bit av ein kraftfôrsekk frå Felleskjøpet eller ein brødpose frå Varhaug Handelslag. Her stod det med tømmerblyant-løkkeskrift; «ein pakke Tidemanns gul mix nr 2».

Lappen var underskriven av far min som røykte pipe og som ikkje ville vasa vekk tida med å handla tobakk viss han kunne senda ein av oss ungane.

Desse lappane var ikkje daterte og kunne brukast fleire gonger. Røykelova var ikkje langt framskriden på denne tida. Røykelovas far, Dagfinn Høybråten, gjekk sikkert på ungdomsskulen då. Seinare vart det strengare og lappen kunne berre brukast éin gong.

Eit Donald på kjøpet

Då eg vart sendt for kjøpte røyk til far min, fekk eg oftast med meg nokre kroner ekstra. Nok til eit Donald, eit Tarzan, Fantomet eller Sølvpilen. Kulørte teikneseriar var noko av det gildaste eg visste, og heime hjå oss var det heilt i orden med slikt. Einaste som ikkje gjekk gjennom sensuren, var eit teikneserieblad som heitte Tempo.

På bensinstasjonen hjå Tveiten var det raust. Her var alle velkomne til å fylla bensin, fylla ein pose med snop og ei avis. Eller berre fylla tida.



Jæren Auto

Måndagsuniversitetet

Her oppdaga eg at folk er ulike. Særleg på måndagskveldane kom det mykje ulike folk. Det var slik då, kanskje er det enda slik, at vekeblada kom i sal i butikkane på tysdagane. Hjå Tveiten kunne du handla Allers, Vi menn og Fantomet kvelden før.

Til den vesle butikken kom slitne husmødrer og gardakoner med uryddig permanent for å kjøpa seg mentolsigarettar og ein vel fortent dose Romantikk.

Her kom ungdommar med begynnande skjeggvekst og langt Beatles-hår på motorsyklar og i rusta bilar med laust hengande eksosanlegg, dehydrert vasspumpe og kort serviceintervall for å spørja siste nytt og skrøyta over helgas erobringar. Eller for å erkjenna eventuelle nederlag.

Til butikken hjå Tveiten kom måndagstrøtte mannfolk med alkoholrestar i blodet, kuskit- eller betongflekkar på buksene og sagflis på snuttehuvene.

Enkelte var sterkt prega av helgas festing og hadde bruk for ei flaske Selters, ei Brigg på sturten, ein lågmælt drøs eller ein tjuepakning South State utan filter, i tillegg til Rogalands Avis.

Ufiltrert

Det var i det heile lite filter hjå Jæren Auto. Utanom luft- og oljefilter, då. Eg hadde runde augo, øyrene på stilker og saug til meg alt eg kunne få bruk for og meir til av ord og uttrykk og unemnelege ting som dans og fest og jenter.

Hjå Tveiten var det råd å halda seg oppdatert. Laurdag 15. september 1973 døyde den svenske kongen Gustav 6. Adolf - 90 år og mett av dage.

På måndagen etter, prega dette rojale dødsfallet sjølvsagt avisframsidene også her i landet. «Kongen av Sverige død», stod det med tjukke og svarte bokstavar i VG og Dagbladet. Hjå Tveiten stod desse avisene i avisstativet ved disken.

Eg var 11 og på plass for å handla Sølvpilen til meg og tobakk til far. Ein gjeng ungdommar hang i butikken slik dei pleidde gjera. Ein av desse røffe karane med Brøyt-caps på hovudet peika på avisene med ein oljete peikefinger og sa:

«Æg ser svenskekongen æ daue».

Då kom reaksjonen kjapt frå ein av dei andre:

«An æ ikkje daue. An he krepert».

Slik kreativ bruk av språket lærte me ikkje heima, for å seia det slik!

Pensum

Det var mykje som var pensum hjå Tveiten. I ei skuff under disken kunne ein få kjøpt prevantiver. Eller gummi, som det heitte i den ungdommelege daglegtalen.
Eg visste ikkje kva det var, og ikkje kva det blei brukt til.

Men syndig, det var det definitivt.

Fotball VM i Rådhusgata



Vi på Stasjoen Pub viste 4 av Norges VM kamper ute i gata på storskjerm. Vi fekk låne en stor lastebil av Herredsvela Transport som vi monterte skjermen inni. Veldig god og enkel løsning, når kampene var ferdig, så var det bare å lukke igjen skapdørene på bilen og parkere den i Stasjonsgata.

Vi hadde ca 500 personer i gata på hver kamp, og stemningen var elektrisk. Vi spilte musikk og hadde show fra scenen, før etter og i pausen på kampene.


Folk kom fra Egersund i sør, til Sandnes i nord for å oppleve disse fotballfestene, men Håbuen var selvfølgelig den dominerende tilskueren i gata. Under Brasil og England-kampen ble det også vist kamper i parken som trakk heile familier ned i sentrum. Stasjoen Pub låne ut signaler og samordnet lyd slik at alle fekk en god opplevelse i Sentrum. Heia Norge, gleder meg til EM i 2026 som spilles i England.

Olav Madland (tekst og foto)



Frå ein av kampane som kommunen saman med idrettslaga i Hå viste, og der det var samla 1500. (Foto: Per Åge Skretting)

Landstevne på Øksnevad 2026



I uke 29 (13.-19. juli) har Rogaland bygdeungdomsslag arrangert landsstevne i NBU for medlemmene frå hele organisasjonen.

LS er ei uke med tevlinger (konkurranser), konserter, vennskap, fellesskap, aktiviteter og sosiale kvelder der bygdeungdommer ifrå heile landet samles. LS fant stad på Øksnevad vidergåande skule i år, og ved hjelp av mange gode dugnadsfolk klarte me å skapa ein samleplass for ungdom ulik alt annart. Varhaug bygdeungdomsslag var godt representert i både oppriggsvegå, stevnevegå og nedriggsvegå. Varhaugsbuane Birger kvia Hobberstad (Leder for LS2026) og Helle Skretting (Tevlingsleder for LS2026) var i hovudkomiteen og sørga for ei kanonkjekke vega. En ekstra takk til adle varhaugsbuane som stilte opp som dugnadshjelp i uke 29! Me set utruligt stor pris på engasjementet og rausheten. Viss der æ nokre bygdefolk som stille opp når dæ trengs, så æ dæ virkele varhaugsbuane!

Live Skretting

VARHAUG
BYGDEUNGDOMSLAG



Frå venstre: Vilde bilstad og Johannes Nærland. Tok 2 plass i landkreditt swingtevling senior. Live Skretting og Oddbjørn Slettebø. Tok 3 plass i landkreditt swingtevling junior



Frå venstre: Kari Anne Kleven og Sanne Håland



Varhaugsbandet Silo og saft spiller opp til sang og dans tirsdagen på opningsdagen av Landsstevne 2026.



Hovedkomiteen for landsstevne 2026 takkes av på avslutningsdagen etter å ha gjort en super insats, og lagt ner mykje arbeid i 2 år. F. v.: Roar Nedrebø, Magnus Goa, Irene Austdal, Håkon Goa, Birger Kvia Hobberstad, Liv Slettebø, Mari Søyland, Magnus Tunheim, Helle Skretting, Gunnar Tunheim, Nathalie Skurve, Amalie Wold Lomeland

Kjøkkenet er ute av drift



Så nærmer hausten seg. Og på Misjonshuset er kjøkkenet ute av drift. Golvet må fornyast. Kokeutstyr og vask er fjerna. No skal kjøkkenet som var nytt for over 40 år sidan verta rehabilitert. Sjå bilete! Men me har dyktige folk som vil ordne det slik at dåpsfest 30. august skal kunne ta i bruk det nye kjøkkenet. Skal ha med nytt bilete i neste nummer av Varhaugbuen!

Misjonshuset har ei lang historie. Planlegging starta i 1944 og bygget vart bygd og innvia i 1960. Så vart det bygging av matsal, kjøkken, ungdomssal, tresløydverkstad, metall-verkstad og speiderkjellar i 1983, og utviding vart gjort i 1994-1995. Og for 20 år sidan vart den gamle møtesalen revet og nytt møtesalsbygg reist og vart innvia 11. september 2005. Og så gjekk det 20 nye år før nytt byggeprosjekt. No er det nye minglerommet (sjå bilete) tatt i bruk og nytt kontor og møterom i 2.dre etasje vert nytta for styremøter, komitemøter og barne og ungdomsarbeid. Og eit nytt lager for stolar og bord er på plass.

No går me inn i ein periode med mykje bruk av huset. Basarar, gudstenester og møter i mange former. Og for barn og unge er heile huset i bruk på sundager da det er Awana.

Som nevnt sist: Det med Alpha er en god måte å komme inn i det kristne budskapet og bli kjent med Jesus. Til høsten vert det nytt Alpha-kurs,- følg med og meld på. Sjå heimesida.

FRES og Ungdomslaget held fram med samlingar.

Sjå elles program på oppslag og i annonsar og følg med på internettsida til Misjonshuset, www.varhaug-misjonshus.no, der ein kan finne program og planlagde ting framover.

Ver merksam på kontortida på misjonshuset som er måndagar og torsdagar kl 2000-2100, og telefon er 51430808. Det er berre 1 time og ikkje ope i juli. Dei som har vakt vil viderekopla teleonnummeret til deira egne mobiltelefonar.

Hugs at ein kan tinga rom ved bruk av internett:


https://www.varhaug-misjonshus.no/?page_id=752

E-post kan sendast til post@varhaug-misjonshus.no

Gateadressa er Ånestadvegen 21,
postadresse er boks 103, 4368 Varhaug

Velkomen til Misjonshuset.

Med helsing, Per-Arvid



VM i utesjakk

Jæren sjakklubb held til på Bryne VGS og speler på onsdagar. Vi speler i personal-kantina i første etasje i A-bygget, frå kl 1800 til bortimot 2200. Men ikkje i skuleferiar. Det er lagt opp til at vi har en times opplæring for nye fra kl 1800-1900.

Første speledag etter sommaren vert 26. august.

Årskontingent er kr 750 for voksen over 20 år, kr 350 for juniorer og 200 for yngre sjakkspelarar opp til 14 år. Då vert ein medlem i Jæren sjakklubb og Norges Sjakk-forbund og kan delta i sjakkturneringer overalt. (halv kontingent for dei som vert medlem på hausten)

Under Varhaugmarken har klubben arrangert VM i utesjakk. Ikkje veldig mange deltar,- men dei er med i mange aldre.

På klubbkveldene på onsdagane spiller vi ulike turneringer.



I opplæringsgruppa er det 8-10 guter med,- enkelte gang også ei eller to jenter.

Med sjakk-helsing frå Per-Arvid

Velkommen til klubben

Klubben har egen internettside: https://www.Jærensjakk.no

Og klubben har facebookside «Jæren Sjakklubb».

(sjå https://www.facebook.com/jaerensk/)

Sjå elles informasjon om sjakk (med terminliste) på http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org/

En alliansebank i eika.



Vi sponser, støtter og heier

Gode lokalsamfunn trenger idrettslag, idrettshaller, korps, bondekvinner, ungdomsklubber, bedehus og andre miljøbyggere. Jæren Sparebank heier på frivilligheten.

Telefon 915 03 290
www.jaerensparebank.no

jæren sparebank



Fotballdrakter i hundretal gav pengar i kassa:
- Heile bygda viser engasjement

VARHAUG: Det var fargesprakande i skulegarden på Varhaug fredag. For kvar einaste fotballdrakt som dukka opp, tikka det inn kroner til Barnekreftforeininga frå det lokale næringslivet.

Dei siste åra har «Fotballtrøyefredag» blitt ein fast tradisjon ved Varhaug skule og SFO. Men i år vart innsatsen løfta til eit nytt nivå. Seks lokale bedrifter kasta seg med på laget og lova 5 kroner kvar for kvar einaste drakt som blei registrert på skulen. Dermed var kvar drakt i skulegarden verd 30 kroner til ei god sak.

Eit sterkt samhald Rektor ved skulen Johan Omland er svært nøgd med korleis dagen har gått. - Dette engasjerer heile skulen og viser at tilsette og elevar står saman om å støtte Barnekreftforeininga. Det er eit veldig positivt tiltak med stort engasjement, og det viser att i heile bygda, seier rektor.

Han legg til at det er gledeleg å sjå kor lite som skal til for å få næringslivet med på eit så godt føremål.

Viktig lagkjensle Lærar i 1C, Birgitte Håland Utsola, meiner markeringa har ein verdi som strekkjer seg utover det økonomiske bidraget.



Lærar i 1C Birgitte Håland Utsola saman med elevane (f.v.) Ingrid Ånestad, Leah Sandanger Nygård og Daniel Mugisha Semahoro i sine ulike drakter.



Oda Mosland Varhaug (f.v.) og Tilja Scheie Aspen frå 5D var samde om at i dag vert rivaliseringa lagd bort. Dei møtte opp i fargane til rivalane Bryne FK og Viking FK.



Fagarbeidar Sigrid Slethei og Milian Aase i 3C var begge samde om at fotballtrøyefredag er ein kjekk dag på Varhaug skule.

- Eg trur det betyr noko at elevane ser at vi er i lag om dette, og at vi i fellesskap støttar Barnekreftforeininga. Det skaper ei lagkjensle at alle har på seg ei drakt. Samstundes får vi vaksne vere med på å fronte ein lagidrett som krev samarbeid og forståing for kvarandre, seier ho.

Gildt å hjelpa Blant elevane var det ikkje berre kniving om kva fotballag som er best, men òg ei forståing av at draktene deira i dag utgjorde ein forskjell.

– Det er gildt, og det er veldig fint gjort av dei som gir pengar til Barnekreftforeininga berre fordi vi har på oss fotballdrakter, seier Milian i klasse 3C.

I 1C var det òg fokus på draktdetaljane. Leah (1C) la merke til noko utanom det vanlege: – Den rosa Barcelona-drakta til veninna mi, Ingrid, var veldig fin, konstaterer ho.

Sammensveisa kollegium Det var ikkje berre barna som stilte i drakter. Også lærarar og fagarbeidarar fann fram sine favorittar frå klesskapet. Blant dei var fagarbeidar Sigrid Slethei, som stilte i Stoke City-drakt for dagen.

- Det blir ein god stemning av dette, og vi er saman om ein god ting. Eg trur vi blir meir sammensveisa av slike dagar, seier ho.

Totalt var det 376 elevar og tilsette som stilte i drakt. Det betyr at Varhaug skule no kan sende totalt 11.310 kroner direkte til Barnekreftforeininga sitt arbeid for kreftsjuke barn med hjelp frå Elktrofag Jæren, SI-bygg, R. Skretting, Hå Element, Jærmur og Sentrumsalongen.

Ole Morten Hobberstad



FRÅ REDAKSJONEN

Ja, så er nok ein sommar over, og den har i alle fall for min del vore bra.
Eg har vore heime, og hatt det ganske godt, med mykje fint ver.
Og så heilt plutseleg er det august og nytt blad. Så fort tida går!

Eg har hatt den årlege turen til Landshattetreff i Danmark, som var gild og godt like til me skulle heim. Flyet var kansellert, så det vart mykje venting. Men etter ein ekstra lang kveld på flyplassen, med overnatting i Oslo. kom eg endeleg heim, ein dag seinare enn planlagt. Då var det berre å hiva seg på arbeidet med bladet.

Liv



Årboka for Hå

Hå historielag si nemnd for årboka, er nå i godt arbeid med ei ny, som skal vera ferdig til jul. Den første for 2025 er i sal hos Norli på Bryne og Nærbø.

Men dei som ynskjer det, kan og få ho hos meg.

Liv

Temakveld 1. oktober

Ønsker du å få ideer om hvordan du kan tjene Gud gjennom arbeid eller studie?

Vil du vite mer om hvorfor Gud skapte arbeid? Ønsker du å møte andre som brenner for å tjene Gud i samfunnet, enten i hjemmet eller i utlandet?

Da er GoExperience temakveld for deg! Torsdag 1. oktober kl. 18.30 vil Arne Kristoffer Haaland fra Tent som vil undervise i festsalen ved kyrkjekontoret.

Det vil bli servering av kveldsmat og arrangementet er gratis.

Arr: Varhaug kyrkje, Sentrum menighet og Varhaug misjonskirke

Turid Boganes
Dagleg leiar Varhaug sokn



Hjartepuls

Velkommen til Hjartepuls, lovsangs- og delekveld, i Varhaug kyrkje
Onsdag 16. september kl. 20.00

Denne kvelden kan du koma anten du vil syngja med eller setja deg i kyrkjebenken å lytta. Det vil væra rom for å dela vitnespyrd og erfaringar frå vandringa med Gud. Bak i kyrkjerommet vil du og kunne gå til forbøn.

Det vil væra eit variert repetoar av sangar.

Turid Boganes
Dagleg leiar Varhaug sokn



Foto: Mayur Gala på unsplash.com

SLEKTSVERKSTAD

Slekt og Data Hå og Hå historielag arrangerer slekts-verkstad

på Nærbø bibliotek kl.1800 -21.00 desse dagane:

Tirsdag 1. september, tirsdag 6. oktober, tirsdag 3. november og tirsdag 1. desember.

Her kan du møta andre slektsforskarar å få hjelp til å løysa slektsproblem, koss du kan finna slektningar på nettet, få hjelp til å tyda gamal skrift og mykje, mykje meir. Tilbodet er gratis og opent for alle. Ingen førehandspåmelding.

HERREDSVELA TRANSPORT
TLF: 900 75 500
Vi løser det meste innen kranbil
jorgen@herredsvela-transport.no

HELLA MASKIN AS

Varhaug Park & Hage
Dublandsv. 35A, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 59 00 - www.vph.no
E-post: post@vph.no

Temakveld: Synd - verdens minst populær og mest frigjørende idè

Tirsdag 10. november kl. 19.00 inviterer vi til en tankevekkende temakveld i Festsalen ved Varhaug og Ogna kyrkjekontor. Temaet - «Synd – verdens minst populære og mest frigjørende idé» – tar utgangspunkt i et ord som for mange både vekker motstand og nysgjerrighet. Kveldens foredragsholder er Peder Tellefsdal, en erfaren formidler som ønsker å gi begrepet «synd» nytt liv i møte med moderne mennesker.

Ordet «synd» har i lang tid vært blant de mest omstridte og misforståtte begrepene i kristen tro. For noen forbindes det med moraliserende pekefingre og gammeldagse forestillinger, mens andre opplever at det mister relevans i en samtid der individets frihet står sterkt. Nettopp derfor mener Tellefsdal at vi trenger å gjenoppdage hva ordet faktisk rommer. I foredraget vil han utforske hvordan synd ikke bare handler om regler og feiltrinn, men om gjenkjennbare erfaringer i vanlige menneskers liv - slik som skyld, skam, relasjoner som brytes, og lengselen etter å bli satt fri.

Tellefsdal løfter frem en utfordrende, men samtidig frigjørende tanke: Kanskje er synd en av de mest demokratiske idéene som finnes. Den gjelder alle - uavhengig av livssituasjon, bakgrunn eller tro. I stedet for å plassere noen «utenfor» eller «over» andre, peker syndsbegrepet på en felles menneskelig erfaring: at vi alle kommer til kort. Dette perspektivet kan åpne for større ærlighet, ydmykhet og forståelse - både i møte med oss selv og andre.

En sentral del av foredraget vil handle om hvorfor det er klokt å lytte til «erfarne syndere». Med det sikter Tellefsdal til mennesker som har erfart livets skyggesider, og som gjennom det har fått innsikt i hva tilgivelse og nåde faktisk betyr i praksis. I en kultur som ofte legger vekt på fasade og perfeksjon, kan slike erfaringer gi et mer realistisk og håpefullt bilde av hva det vil si å være menneske.

Peder Tellefsdal har en uvanlig bakgrunn som gir tyngde til perspektivene han deler. Han har tidligere arbeidet som politisk rådgiver på toppnivå i norsk politikk og har mange års erfaring fra PR-bransjen. Som ung mistet han troen og tok avstand fra kristendommen.
I årene som fulgte levde han et liv preget av destruktive valg og utfordringer.

Vendepunktet kom gjennom møte med Anonyme Alkoholikere - en ikke-kirkelig organisasjon som arbeider ut fra prinsipper om ærlighet, ansvar og tilgivelse. Her oppdaget Tellefsdal det han beskriver som nådens forvandlende kraft. Erfaringene derfra hjalp ham til å se evangeliet med nye øyne, og ga grunnlag for et nytt livssyn og et sterkt engasjement for å formidle kristen tro på en måte som treffer mennesker i dag.

I 2022 holdt Tellefsdal en TEDx-talk med tittelen «How to seek forgiveness when relationships are on the line», der han delte sin personlige historie om forsoning. Foredraget har fått stor oppmerksomhet og er sett av over 1,8 millioner mennesker. Her viser han hvordan tilgivelse ikke bare er et teoretisk ideal, men en konkret og livsviktig praksis når relasjoner står på spill.

Engasjementet hans har også resultert i bokutgivelser. I 2024 kom «Rebranding The Church», hvor han reflekterer rundt hvordan kirken kan gjenoppdage og formidle evangeliet på en troverdig måte i vår tid. Høsten 2026 er han aktuell med sin neste bok, «Det godes problem», der han sammenligner et sekulært og et kristent verdensbilde og undersøker hvordan disse perspektivene møter menneskets lengsel etter mening, rettferdighet og håp.

Temakvelden retter seg både mot troende og søkende, og mot alle som ønsker å reflektere over livets store spørsmål. Ved å ta utgangspunkt i et begrep mange helst vil unngå, inviterer arrangementet til en ærlig samtale om det å være menneske - med både våre svakheter og vårt håp.

Vel møtt til en kveld med rom for ettertanke, ærlige spørsmål og nye perspektiver på et gammelt - men fortsatt aktuelt - tema.

Turid Boganes
Dagleg leiar Varhaug sokn



Peder Tellefsdal *Mona Hauglid Foto*



Olsokgudsteneste Varhaug gamle kyrkjegard 2026

Tradisjonen tru er det også i år Olsokgudsteneste på den gamle kyrkjegarden ved havet. Hav og himmel lagar ei fin altertavle. Vind må ein rekne med her nede ved det opne havet, men når den er mild gjer det ingen ting. Det er fint å samlast slik i friluft ein fin sommarkveld. Mange har funne vegen hit også denne kvelden. Denne staden minner oss om at her har det vore kyrkje i fleire hundre år. Markeringa av Olsok er til minne om Olav den heilage sin dødsdag i slaget på Stiklestad i 1030. Feiringa tok for alvor til ved 900-årsjubileet for slaget på Stiklestad i 1930.

Palle Gunnar Haarr får til nokre «ding» med kyrkjeklokka, og så spelar trompetist Espen Behrens «Bred dina vida vingar» til Preludium. Lars Brakstad Kjosavik ynskjer velkomen og seier han blir helst litt rørt av å vere her ved denne vesle kapellet Olsokdagen, for han gifte seg Olsok i Dirdal kapell som er noko større enn dette.

Inngangssalmen er «Det kom et gledesbud til dette landet, et ord om livets Gud, den ene, sanne.»

Preiketeksten er frå Joh Åp 12,10-11

Me avslutta med salmen «Fagert er landet du oss gav»

Då Kjosavik skulle ta dei siste slaga med kyrkjeklokka rauk tauet så han stod att med ein taustump i handa.

Espen Behrens spela til Postludium «Sommernatt ved fjorden» av Ketil Bjørnstad.

Brit Obrestad



AH BYGG AS
BETONGARBEID - TREARBEID
Møllevn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79

KJÆRNEBORING ZBETONGSAGING
Egil Haland 416 99 617 www.Toppaland.no

FARGERIKE
Halvorsen

VARHAUG IL ARRANGERER

JÆRTREFFET



18.-20.
SEPTEMBER

VELKOMMEN TIL DANSE- OG SPILLEMANNSFEST!

Sted: Varhaughallen
Pris: 250 kr per kveld eller 450 kr for hele helgen

Bobilparkering ink. strøm, dusj og toalett:
Torsdag-søndag 700 kr/Fredag - søndag 650 kr/
1 døgn 400 kr

Matsalg:
Lørdag fra kl. 12.00-16.00 er det salg av kjøttkaker, lapskaus, kaker og kaffi.
Fredag og lørdagskveld er det også salg av varmmat

Allsang med Jærbelgen lørdagen kl.13.00 er gratis.

Bobilbestilling:
Siv Varhaug Tlf: 990 29 216 Epost: sivvarhaug@lyse.net

For mer informasjon: Facebook--> Jærtreffet 2026
https://www.vil.no/jaertreffet/

Landshattetreffet i Horsens - Danmark



5 frå Jærhatten har vore i Horsens på Landshattetrett. Her frå oppmarsjen gjennom gågata, som eg trur er den breiaste i Danmark.

Liv

Desse laga står bak Varhaugbuen:

VARHAUGBUEN

Varhaug bondelag,
Varhaug bygdeungdomslag,
Varhaug bygdekvinnelag,
Svala 4H,
Varhaug Misjonshus,
Varhaug Bedriftsforening,
DNT Edru Livsstil,
Vennelaget for Lerbrekk Skule,
Elgane Motorsykkel klubb,
Varhaug Pensjonistlag og
Vennelaget for Lennsmannsløå

Styret:

Leiar:
Glenn Skretting - bedriftforeninga

Sekretær
Per Arvid Jakobsen - Misjonshuset

Kasserar
Brit Obrestad - Lerbrekk skule

Styremedlem
Sondre Risa Ånestad - Svala 4H

1. vara
Eirik Høyland - Hå karateklubb



ALLEHELGENS KONSERT

TRØYST OG HÅP

VARHAUG KYRKJE

LØRDAG 31. OKTOBER KL. 19:00

GRATIS INNGANG - MULIGHET TIL Å GJE EIN GAVE.
OVERSKUDDET GÅR TIL KYRKJELYDSARBEIDET I HÅ.

Medverkande: Kathrine Håland Varhaug
Ove Byberg m/band
Lars Brakstad Kjosavik



Arr.: Kyrkjene i Hå



Solformørkelsen

Onsdag 12. august 2026 fant det sted en stor delvis solformørkelse i Norge, mens den var total i deler av Spania, Island og Grønland. I Norge var mellom 80 og 90 % av solskiven dekket, og maksimum ble nådd på kvelden mellom klokken 19:30 og 20:00 norsk sommertid.



Baby- og småbarnssang

Er du heime i permisjon med små barn?
Det skjer mykje kjekt for barn i regi av Varhaug kyrkje. Onsdagar i partalsveker kl. 10.00 vert det bl.a arrangert Baby- og småbarnssang for barn frå ca. 2 mnd. opp til 5 år. Me held til i festsalen v/Varhaug og Ogna kyrkjekontor (Ånestadvegen 12, 2. etg. i bygget til SI bygg)

Dette er samlingar med sang, musikk og godt drøs. Her trengs ingen musikalsk erfaring eller evner for å delta. Syng med den stemmen du har! Sangen fører barn og vaksne tettare saman, og her vert du kjent med andre barn og vaksne.

Etter sangsamlinga er det tid for leik, mat og drøs. Ta gjerne med nistemat, me serverer frukt og koker kaffe/te.

Å stimulere barnet si musikalske utvikling i dei tidlege åra er viktig, både for motorisk, emosjonell og sosial utvikling. Språkutviklinga vil også gå lettare når rim og regler er ein del av det daglege livet.

Baby- og småbarnssang skal vera ein møtestad kor me kan høyra og gjera, vera og læra, syngja og sansa, gynga og dansa- med ein himmel over livet.



KOM OG BLI MED

Datoar hausten 2026:

19.08, 02.09, 16.09, 30.09, 14.10, 28.10, 25.11, 09.12

Rett etter Baby- og småbarnssang er det «Spød og drøs» i same lokalet, så det er bare å hive seg med her og, med eller utan «spød». Treng barna ein kvil, er det ein stor og god terrasse i same etasje så vognene kan stå ute.

Kontaktperson:
Kyrkjelydspedagog Kathrine Håland Varhaug
Mail: Kh649@kyrkja.no - Mob: 456 04 250

Varhaug Bondelag



Nok eit år har Vår Herre spela på lag med bøndene, slik at det har vorte nok både regn og varme. Skjeldan har eg set så mange fine potetstykke og gylne åkrar som i år. Liv



Ein av oss har skiftet til å holde utsikten.

Tall Ships Races Antwerpen- Sirevåg

Eventyret startet lenge før vi satte seil. Allerede klokken 02.00 ringte vekkerklokken hjemme, for SAS-flyet skulle gå fra Sola klokken 06.00. Men da vi kom til flyplassen og skulle sjekke inn, startet kaoset.

Uten forvarsel var alle flybillettene våre blitt annullert. Heldigvis klarte vi å holde hodet kaldt. Etter god hjelp fra Berg-Hansen ble vi booket om og kom oss av gårde med KLM via Amsterdam til Antwerpen.

